



Per Arne Nygård
Håstølen 40
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2469 - 18/15656

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
19.07.2018


GBNR 10/163 - Godkjenning- Løyve til oppføring av mur, Holme

Administrativt vedtak. Saknr: 180/2018

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Tiltakshavar Per Arne Nygård har i søknad journalført motteke 4.7 og 12.7.2018 søkt om løyve til oppføring av mur mot kommunal veg på gbnr 10/163 på Holme i Meland kommune. Muren blir oppført i to trapper, og med ein avstand til asfaltkant på kommunalvegen på 2 meter. Høgda på muren i første trinn er opplyst til 1,5 meter, og neste trinn opplyst med 0,5 m høgde. Muren er opplyst til å vera 11,5 meter lang, blir plassert 2 meter inn på tomtegrense og langsgående grense i aust. Tiltaket er omsøkt etter Pbl § 20-4, søknadspliktig tiltak som kan forestås av tiltakshaver.



Tiltaket er nærare skildra gjennom situasjonskart og teikningar vedlagt søknaden om løyve til tiltak.

VURDERING:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Nabovarsling og privatrettsleg høve:

Søknaden er nabovarsla i samsvar med Pbl § 21-3. Det er mottatt ein merknad til varselet frå eigar av gbnr 10/164 og 241:

Vi er positive til tiltakene på vår naboeiendom.

VÅRE MERKNADER:

Vi forutsetter at endringer på uteareal ikke virker negativt inn på parkeringsforhold, og at 10/164 fortsatt praktiserer å parkere husstandens biler på egen eiendom.

Administrasjonen ser ikkje at det blir gjort tiltak som skal endre parkeringssituasjonen på eigedomen. Reguleringsføresegn § 8, i *Reguleringsplan for Holmemarka (arealplaid:125619850923)* har krav om plass for ein garasje og i tillegg ein parkeringsplass for bil på eigen grunn. Gbnr 10/163 er ein godkjent einbustadtomt med ein bueining, og parkeringskravet er vist på tomten.

Det ligg føre erklæring frå gbnr 10/172 om samtykke til plassering av forstøtningsmur i felles grense.

Plan- og lovgrunnlag:

Den omsøkte eigedomen ligg i et område som gjennom *Reguleringsplan for Holmemarka (125619850923)* er regulert til bustadhus med garasjar. Det er ei byggjegrense til veg på 4 meter, som omtaler *Bygningar*, og oppføring av mur vil ikkje vera i strid med denne.

Frå før på eigedomen er det oppført ein garasje i tråd med byggelinen, men der fyllinga skråar ca. 2 meter ned mot kommunalvegen. Forstøtningsmuren skal dekke garasje fyllinga, og er prosjektert i to nivå. Muren heldt ein avstand på minimum 2 meter frå asfaltkant til kommunalveg, slik at m.a. areal til snø rydding og sikt blir ivaretatt. Avstanden til nabogrense i nord er 0 meter, og det ligg føre ein avstandserklæring. Muren blir 'trappa' i to nivå, med høgde på 1,5 meter, og 0,5 meter.



Utsnitt frå situasjonskart som viser siktlinen.

På bakgrunn av murens plassering og funksjon godkjenner administrasjonen at tiltakshavar sjølv står ansvarleg for søknaden, jf. Pbl § 20-4 bokstav d. Det blir vist til innsendte opplysningar i søknaden, synfaring og tidlegare dialog med tiltakshavar.

Vidare vurderer administrasjonen at tiltaket er i samsvar med arealformålet.

Plassering av tiltaket, utsjånad, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaka skal plasserast som vist på vedlagt situasjonsplan journalført motteke 4.7.2018. Plassering av mur med minste avstand til nabogrense på 0 meter frå gbnr 10/172 vert godkjent av Meland kommune i medhald av pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav a, jf vedlagt erklæring frå heimelshavar til gbnr 10/172. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava til utsjånad og funksjon i pbl §§ 29-1 og 29-2.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 bokstav d løyve til oppføring av mur mot kommunalveg i samsvar med søknad om tiltak journalført 4.7 og 17.7.2018 på gbnr 10/163 i Meland kommune.

Meland kommune godkjenner tiltakets plassering i medhald av Pbl § 29-4 tredje ledd bokstav a.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurderinga ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på vedlagte situasjonskart og teikningar journalført motteke 4.7.2018, jf pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav (a).

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl § 21-9. Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i Matrikkelen, jf. matrikkellova, som er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar og adresser.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framti ikkje anna er bestemt ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal vere grunngjeven.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
rådgevar byggesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Teikningar

kart

GBNR 10/163 Byggemelding mur langs vei

Kopi til:

Roar Henningsen

Håstølen 38

5918

FREKHAUG

Mottakere:

Per Arne Nygård

Håstølen 40

5918

FREKHAUG